

Turar i Suldal

Dagsturar

Snønuten

Snønuten, 1606 m.o.h., er synleg frå store deler av Suldal. Utsikten er fantastisk, og famnar store deler av Dyraheio.

Adkomst: Følg Rv 13 til Nesflaten. Her tek du av og følgjer vegen til Bråtveit. Vidare på anleggsveg til Mostøl. Med offentleg transport: Hurtigbåt til Jelsa eller Sand, vidare med buss (Suldal Billag) til Bråtveit.

Evt. overnatting: Mostøl Turisthytte (ubetjent).

Følg merka sti til frå Mostøl mot Krossvatn. Løypa går gjennom tett furu- og bjørkeskog oppover langs den brusande Jonsstølåna. På den andre sida av elva ser du Jonsstølen. Terrenget opnar seg opp når du kjem opp mot Kyrkjesteinsdalen. Ved nedre Reinadalane tek du av til venstre frå merka sti og følgjer bekken bratt oppover til eit lite tjern. Her vil du sjå at folk før deg har bygd små vardar (nødlingar) som visar deg vegen opp til toppen. Siste del følgjer du fjellryggen. På begge sider ligg småfenner med blåis.

Tung tur. 1000 m i høgdeforskjell. Ca. 6 timar tur/retur.

Kjelde: 100 utvalgte turer. Stavanger Turistforening.

Napen (1350 m.o.h.) - på Rogalands tak!

Adkomst: Med bil – ta av frå Rv 13 mot Blåsjø. Kjør fram til Sandsavatnet.

Med offentleg transport: Hurtigbåt til Jelsa eller Sand, vidare med buss/drosje til Sandsavatnet.

Napen ligg mellom Stranddalen og Sandsa. Herifrå kan du verkeleg føle at du er på Rogalands tak. Utsikten er praktfull i alle retningar. Napen er lettast å nå når du er på tur mellom Stranddalen og Sandsa, men er også muleg å nå på dagstur.

Alt. 1: Sandsa – Stranddalen (om Napen). Følg ruta frå Sandsa fram til Steinstølen. Her kryssast elva som kjem frå Svinstølvatnet og Grunnavatnet. Vidare oppover til Lånestølen og vidare til Midtskaret. Her er eit rikt planteliv med mange kalkkrevjande artar. Frå skaret er det varda ein avstikkar opp på Napen. Vel nede igjen kan du velje å følgje merka sti til Stranddalshytta, eller gå tilbake til Sandsahytta.

Alt. 2: Kjør forbi Sandsavatnet. Fortsett på anleggsvegen til du byrjar på nedkjøringa mot Nedre Moen. Herifrå går ein umerka sti opp til Buarekvelven, kor du møtar merka sti frå Sandsa. Følg denne vidare som alt. 1.

Kjelde: 100 utvalgte turer. Stavanger Turistforening.

Hellandsnuten

Adkomst: Ta av frå Rv 13 ca. 1 km aust for Sand mot Eide og skule-/idrettsområdet. Følg landsbruksveg forbi ein frittstående låve og til venstre.

Ein flott utsiktstur. Følg blå løype til den øvste traktorvegen. Stien klatrar vidare bratt opp til Hellandsnuten. Fin og vid utsikt. Herifrå følgjer du ryggen innover og går ned til Hellandsstølen. Frå stølen følgjer du stølsvegen til du kjem inn på den blå løypa igjen. Merka sti, 9 km. Ca. 4 timar.

Kjelde: 100 utvalgte turer. Stavanger Turistforening.

Skuteheia rundt

Adkomst: Med bil – ta av frå Rv 13 til Gullingen. Med offentlig transport – hurtigbåt til Jelsa eller Sand, vidare med buss og drosje.

Dette er ein triveleg og lett tur i småkupert terreng. Følg vegen gjennom hyttefeltet inn mot Stavastølen til skilt som visar inn til venstre. Etter ein liten stigning opnar landskapet seg. Turen går gjennom vegetasjonsrik bjørkelier og lynghei. Undervegs går du forbi ein liten støl i Storedalen før eit nytt platå bringar deg inn til Såtevatnet og Svartavatnet, kor auren vakar. Her passar det kanskje med ein liten pause og kanskje eit bad før du tek fatt på stigninga opp til Skuteheia. Her får landskapet meir høgfjellspreg med sprett fjellbjørk og ope landsskap. Skutevantet passerast på sørsida og stien ledar deg like forbi Skutestølen. Etter eit kort stykke byrjar nedstignings til Stavastølen. Det siste stykket av turen går på vei som førar deg tilbake til startstaden.

Merka sti, 7 km. Ca. 2,5 time.

Kjelde: 100 utvalgte turer. Stavanger Turistforening.

Stranddalen – perlå i Ryfylkeheiene

Adkomst: Egen transport til Øvre Moen, eller Saurdal Kraftstasjon. Eller hurtigbåt til Sand eller Jelsa – vidare med buss og drosje.

Den kalkrike berggrunnen skapar rare fjellformasjonar og gjer Stranddalen til eit eldorado for dei som er glad i blomar.

I dei steinete skråninga veks dei fleste fjellplantane Ryfylkeheiene kan by på. Sentralt i dette landsskapet ligg Stranddalshytta.

Hytta er betjent om sommaren, og serverar tradisjonsrik mat. Mange tek turen opp ein tysdag, torsdag eller søndag for å ete komle.

Alt.1: Merka sti frå Øvre Moen ca. 5 km. 2 timar ein veg.

Alt. 2: Frå Saurdal Kraftstasjon ca. 7 km. Ca. 3-4 timar kvar veg.

Kjelde: 100 utvalgte turer. Stavanger Turistforening.

Vassdalseggen – Rogalands høgaste topp

Adkomst: Med bil – E 134 til Haukeliseter. Buss – Haukeliekspressen til Haukeliseter. Denne korresponderer i Aksdal med Kystekspresen og enkelte dagar med Suldal Billag si rute til Røldal.

Vassdalseggen med sine 1658 m.o.h. er Rogalands høgaste topp. Ein kan nå Vassdalseggen på dagstur frå Haukeliseter, eller som ein avstikkar frå ruta mellom Haukeliseter og Holmevasshytta. Løna er ei storslagen utsikt som famnar Hardangervidda i nord, Ryfylkeheiene i sør og Folgefonna i vest.

Det er ei tur som krev at du er i god form, og har godt fotty. Det kan vere kaldt på toppen, så det er viktig å ha med ekstra klede i sekken.

Følg merka sti frå Haukeliseter til Holmevasshytta. Frå nedre del av Vassdalen tek du av frå stien og går vestover opp fjellsida mot Lisledalen. Frå vatn 1151 du rundt eit framstikkande fjellparti og bratt opp fjellryggen. Følg fjellryggen fram til varden. Ta same tur tilbake, viss du ikkje heller vil gå direkte sørover mot hytta ved Holmevatn.

Ca. 9 timar tur/retur. Høgfjellsterreng.

Mulegheit for overnatting på Haukeliseter (betjent).

Kjelde: 100 utvalgte turer. Stavanger Turistforening.

Breifonn – Rogalands einaste isbre.

Adkomst: E 134 til Røldal. Ta av til Røldal kyrkje og fortsett på anleggsveg opp til Blåbergdalen. Kjør til enden av vegen.

Det er ein einaste isbre igjen i Rogaland – Breifonn. Breifonn ligg på grensa mellom Røldal og Suldal. Dei siste åra har Breifonn minska sterkt i omfang og det er ikkje godt å sei kor lang tid det tek før breen er borte.

Turen startar frå anleggsvegen i Blåbergdalen. Følg god sti vidare innover den frodige dalen mot Jonsholl. Etter 2 km tar du av frå stien og tek fatt på den kraftige stigninga i sørvestleg retning opp til skaret mellom Midnuten og Breifonn. Etter kvart vil du sjå ein del små vardar (nødlingar) som visar retninga. Innanfor dei to små tjørnene svingar stien seg opp på plataet. Her er det viktig å finne og følgje nødlingane. Turen held fram i jamn stigning innover plataet.

Landskapet er prega av det ikkje er lenge sidan isbreen dekkja landskapet. Mange stadar er det jernhaldige, brune bergartar som dominerar.

Du vil finne små og større moreneryggar og friske skuringsstripar. Sjølve breen ligg i skråninga ovanfor Breifonntjørna og fyllar skarane oppover mot Suldal. Ein tur til varden anbefalast. Utsikten mot Hardangervidda og det nordaustlege hjørnet av Rogaland er praktfull. Tilbaketuren går langs den same vegen som du kom opp.

Ca. 7 km kvar veg. 600 m høg stigning. Ha godt fotty. Kle deg godt.

Kjelde: 100 utvalgte turer. Stavanger Turistforening.

Reinsnuten

Adkomst: Med bil – ta av frå Rv 13 til Gullingen. Med offentlig transport – hurtigbåt til Jelsa eller Sand, vidare med buss og drosje.

Reinsnuten (1144 m.o.h) er den mektigaste toppen i området rundt Mosvatnet. Turen opp er strevsam, men du blir rikeleg løna med ein utsikt som på fine dagar famnar både fjord og fjell i alle retningar. Turen startar som turen Skuteheia rundt. Følg vegen til Stavastølen. Her visar skiltet veg sørover mot Reinsstølen. Nå byrjar ein seig oppstigning opp lia til Bråtane der stien dreier av til Bergjordsholet. Her startar klatringa oppover for alvor, og dei siste km til toppen er svært bratt. Tilbaketuren går same vegen.

Merka sti, 10 km. Ca. 4 timar. Tung tur.

Kjelde: 100 utvalgte turer. Stavanger Turistforening.

Fleire dagar

Tur 1

1. dag: Ta bil eller drosje til byrjinga av Sandsavatnet. Følg sti på venstre side av Sandsavatnet til Sandsahytta (ubetjent hytte). Ca. 3 timar. Overnatt.
2. dag: Følg sti via Fagerstøl til Stranddalshytta – Perlå i Ryfylkeheiene (betjent på sommaren). Ca. 6 timar. Overnatt.
3. Gå via Napen og ned til Osane (motsatt sida av Sandsavatnet). Ca. 6 timar. Viss du har bil, går du anleggsvegen tilbake til byrjinga på vatnet, eller bli henta på Osane.

Kjelde: Stavanger Aftenblad, 29. august 2001.

Tur 2

1. dag: Ta buss eller drosje til Bråtveit. Gå vidare til fots til Mostølhytta. Alternativt: køyr eigen bil heilt inn til Mostølhytta (ubetjent). Overnatt.
2. dag: Følg sti til Bleskestadmoen (ubetjent). Ca. 7 timar. Overnatt
3. dag: Gå ned til Bleskestad, ca. 3 timar. Ta drosje tilbake til eigen bil, eller til Nesflaten, kor det går buss.

Kjelde: Stavanger Aftenblad, 29. august 2001.

Tur 3

1. dag: Ta bil eller drosje til Øvre Moen. Gå til fots til Stranddalen (betjent på sommaren). Ca. 2 timar. Overnatt.
2. dag: Følg merka sti til Krossvatn (ubetjent). Ca. 7 timar. Overnatt.
3. dag: Følg merka sti mot Vassdalstjørn. Ta av når du nærmar deg Blåsjø, og gå så i retning Skreivasskleivane, og inn på smal grusveg. Følg denne tilbake til Øvre Moen. Ca. 7-8 timar. Du må berekne ganske lang tur på grusveg denne dagen.

Kjelde: Stavanger Aftenblad, 29. august 2001.